

---

**Fra:** Rune Bø <ru-boe2@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 7. august 2018 20.11  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** MERKNADER TIL PLANFORSLAG: Plansak 1260101700900  
Områderegulering-Bø skule.  
**Vedlegg:** Hovedutvalg\_13-06-2018.pdf; Plan\_tegning.pdf

## MERKNADER TIL PLANFORSLAG

Ved førre planutkast, hadde me ein del merknader å kome med. Me kan ikkje sjå at desse er teke til følge.

### **Me som naboar ynskjer difor igjen å kome med følgjande kommentarar/ merknader til planforslaget:**

#### **1. Val av vegtrasè.**

Me kan sjå at de framleis meiner at vegtraseen skal gå igjennom byggjefeltet vårt. Me undrast over at de verkeleg kan gå for denne totalt meiningslause løysinga. Vegen er alt for smal slik den er i dag, med sin breidde på totalt/ maks 6 mtr (inkl fortau). Det er ingen moglegheit til å utvide denne, slik me også bemerka i førre innspel.

Korleis planlegg de å imøtekome dagens krav til vegbreidde, når det ikkje er rom til å utvide her, no når de planlegg ny barnehage etter dagens forskrifter?

Me trudde at Radøy kommune var ein kommune som tenkte langsiktig. Pr i dag er trafikkmengda svært stor og tilhøva ikkje gode nok for dei mjuke trafikantane. Så lagar de ein plan som gjer desse tilhøva enno verre. Korleis trur de det blir med ny og større barnehage, nye boligområder, nytt hyttefelt, Hordabøheimen osv osv? Slik de legg fram den nye planen, øydelegg de byggjefeltet vårt. Kvifor ikkje vurdere vårt førre innspel, der me føreslår innkjøring og parkering ved gamle "Leite huset"???

#### **2. Tomt 24/266.**

Denne bemerka me også i førre innspel me sendte. Det er få eller ingen tomtar att i Bøvågen. Å gjere denne om til ein p- plass, blir difor heilt feil. Slik me tolkar dykkar planutkast, er denne no ein del av Hordabøheimen sitt område. Kvifor??

Denne tomten må tilbakeførast til boilgføremål. Slik de skisserar, vil dette øydelegge heilheitsetetikken for byggjefeltet vårt. I salsprospektet for Hordabøheimen stod det at kjøpar måtte opparbeide seg eigne parkeringsplassar. Korleis kan de då gje vekk ein av få tomtar som er tilgjengeleg i området?

Helsing

Steinar Floen  
Magne Floen  
Rune Marøy  
Eli Solheim  
Rune Bø  
Ronny Dinesen

07.08.2018